



Vår sakshandsamar  
Rektor Per Halse

Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Kulturdepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

Besøksadresse:  
Jopllassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

**Dykkar referanse**  
14/2642-

**Vår referanse**  
14/00865-4

**Vår dato**  
13.08.2014

## Høyringsvar frå Høgskulen i Volda - Gjennomgang av Norsk Kulturråd

Her kjem oversending av høyringsvar på utredningsrapporten – Gjennomgang av Norsk Kulturråd frå Høgskulen i Volda.

Med helsing

Per Halse  
Rektor

Kopi til: Avdeling for kulturfag v/Aud Folkestad, Leiinga v/Jacob Jr Kjøde

## Rapporten "Gjennomgang av Norsk kulturråd", høyringsvar frå Høgskulen i Volda

Vi syner til høyringsbrev 02.06.2014 frå Kulturdepartementet i høve rapporten "Gjennomgang av Norsk kulturråd". Utgreiingsgruppa har gjort eit viktig arbeid. Utviklinga av Norsk kulturråd har dei siste åra ført til endringar som det er grunn til å drøfte nærare. Høgskulen i Volda vil særleg kommentere gruppas vurdering av rådets organisering og oppnemning, og i tillegg kome med synspunkt på Den kulturelle skulesekken.

Det er viktig at Norsk kulturråd er organisert på ein slik måte at det både kan fylla rolla som kulturpolitisk aktør og rolla som tilskotsforvaltar. I rapporten vert det peika på at ein dei siste 4 åra har sett ei utvikling som inneber at det er *færre faglige og prinsipielle diskusjoner i rådet i dag enn det som er nødvendig for at rådet skal representere en sterk kulturpolitisk stemme som bidrar til utvikling i kulturfeltet (s. 54)*. Eit nasjonalt kulturråd må ha ei aktiv kulturpolitisk rolle, og det er viktig at ein nå ser nærare på tiltak som kan medverke til å auke aktiviteten på dette feltet. Vi er samd med utgreiingsgruppa i at den allmennpolitiske kompetansen må vere representert i rådet. Dei kunst- og kulturfaglege vurderingane knytt til dei ulike kunstfelta bør skje i dei ulike fagutvala, og dei fleste tilskotssakene kan avgjerast her.

Overføringa av stadig fleire direktoratsoppgåver til kulturrådets fagadministrasjon gjer at behovet for eit tydeleg skilje mellom Norsk kulturråd som rådsorgan og den fagadministrative verksemda er naudsynt. Vi er samd i at dette kan gjerast gjennom ei namneendring. Vi vil likevel understreke at det er viktig at ei slik endring skjer, sidan det i dag er knytt ein del forvirring til omgrepet «Kulturrådet».

Utgreiingsgruppa understreker at nedtoninga av rådets rolle som kulturpolitisk aktør ikkje tener kulturpolitikken i et heilskapleg maktfordelingsperspektiv. Med dette som bakgrunn, blir det særleg viktig å sjå nærare på oppnemninga av rådsmedlemmar. Dagens ordning der alle medlemmane blir oppnemnde av regjeringa er uheldig. Generell kulturpolitisk innsikt og kompetanse er avgjerande for å kunne skjøtte vervet som medlem i rådet på ein god måte, og ein må sikre at oppnemningsinstansen har kjennskap til kunst- og kulturfeltet over heile landet. Utgreiingsgruppa går inn for at dette kan sikrast gjennom ein valkomité nedsett av regjeringa der fylkeskommunane har rett til å komme med forslag om rådsmedlemmar. Vi meiner Stortinget bør få tilbake oppnemningsrett. Det avgjerande er likevel at ein sikrar det overordna nasjonale perspektivet. Det er eit gjennomgåande trekk i kritikken av Norsk kulturråd at det er ei regional skeivfordeling av ressursane som rådet rår over. Kulturdepartementet bør sjå nærare på denne kritikken og medverke til at nødvendige tiltak vert sette i verk for å motverke ei eventuell forfordeling i tilskotssamanheng.

Den nasjonale sekretariatsfunksjonen for Den kulturelle skulesekken (DKS) ligg i dag til fagadministrasjonen i Kulturrådet. *Ekspertgruppa for kunst og kultur i opplæringa* gjorde i vår framlegg om eit nasjonalt senter der også DKS-sekretariatet blir plassert. Høgskulen i Volda (HVO) foreslo i høyringssvaret til ekspertgruppa ei organisering som inneber ei styrking av DKS med mål om ei betre koordinering av arbeidet på nasjonalt plan, og med ansvar for at det blir ei faglig utvikling og vidare forskning på feltet. HVO har i mange år arbeidd spesielt med kunst for barn og unge både gjennom praktiske og estetiske fag i lærarutdanninga og gjennom SEANSE- senter for kunstproduksjon, som har støtte frå KD og KKD gjennom Norsk kulturråd. Vi vil understreke at det nasjonale sekretariatet for DKS vil ha ei svært viktig rolle i den vidare utviklinga av kunstfeltet i skjeringspunktet mellom utdanningssystemet og kunsten. Det er på den eine sida stort behov for dokumentasjon og forskning i høve aktiviteten på nasjonalt plan sidan DKS blei ei fellesordning for

skuleverket i 2001. I tillegg må det satsast på utvikling av nye kvalitetsproduksjonar innan alle kunstretningar for å fylle behovet som nå eksisterer nasjonalt, når ein skal oppfylle kravet om at alle elevar i Norge får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Det er viktig at Kulturrådet kan gi støtte til utvikling av nye produksjonar for og med barn og unge, ikkje minst for DKS. Dette gjeld både turnéverksemd og kunstpraksis med kunstnarar saman med elevar i skulen. Rådet si satsing på *Kunstløftet* har vore eit bidrag i utviklingssamanheng. SEANSE er ein arena for kompetanse og utvikling av samarbeid mellom kunstfeltet, skule og barnehage. SEANSE inviterer til arbeidsopphald for kunstnarar, kunstverkstader, konferansar og forskning nasjonalt og internasjonalt. Med støtte frå KD har SEANSE arbeidd særleg med utvikling av ein norsk modell for Teaching Artists, ei ordning som involverer kunstnarar i prosjektsamarbeid med elevar og lærarar. Vi meiner det er avgjerande at den vidare utviklinga av DKS skjer i eit tett samarbeid mellom kultur- og utdanningssektorane. Ved plasseringa av sekretariatet for DKS må det leggjast særleg vekt på at begge desse felta kan ivaretakast på ein fagleg god måte.